

Våre kandidatar til Eldrerådet er Alf Sætran og Terje Fjellanger, vararepresentantar er Kirsten Fjellanger og Mary Gjøsæter. Laget har sendt merknad til kommunen om Reguleringsplanen av Fanebustvegen (gnr 108 bnr 161) om at dette arealet vert til bruk for seniorbustader då det vil vera i nær tilknytning til Lindås bu- og servicesenteret.

Utsendingar til årsmøtet i Hordaland Pensjonistlag den 10 mars 2015 var Steinar Furelid, Alf Sætran og Aud Hauge. Kløyheim pensjonistlag hadde 25 års jubileum den 12 juni 2015, Kåre Bastesen og Aud Hauge møtte frå laget vårt. Lindåsneset pensjonistlag hadde 30 års jubileum og her møtte Kåre Bastesen.

**Turane:** Turnemnda har i denne perioden skipa til 2 turar. Dagstur den 17 juni til Sund og Øygarden. Veret var ikkje det aller beste denne dagen, men det var ein hyggeleg tur. Den 3 august reiste 29 av våre medlemmer på ein 4 dagars tur til Østlandet. Dei budde på Hønefoss (Klekken Hotel) og hadde utflukt til Oslo m/slottsbesøk, Rådhuset, Operaen, båttur på Oslofjorden, Eidsvollbygningen og Hadeland glasverk m.m. Trivelege samankomstar om kveldane hadde dei og. Ein flott tur iflg referatet.

Kyrkja på Lindås var 150 år i 2015. Laget gav kr. 3.000,- til jubileumsboka som soknerådet har gjeve ut. Me har fått takkeskriv frå soknerådet for dette. Den 11 oktober arrangerte me Salmekveld i kyrkja. Me serverte kaffi m/kaffimat. Frammøtet var bra. Tilbakemeldinga var at dette må me gjere oftaere. Det vart teke opp kollekt og den gav ca kr 2.300,- som vart gitt til soknerådet til arbeidet i kyrkjelyden. Takkeskriv frå soknerådet også for dette.

Økonomi. Den økonomiske sida i pensjonistlaget er minst like solid som siste par åra. Vi kjem ut med auka inntekter grunna sikre inntektskilder og fleire medlemmer. Dugnadsinnsatsen på aktivitetdagen i mai, samt medlemsmøter er her viktige. Og sjøl om laget sponsar julemiddag og turar, gir utgiftsida oss rom for ytterligere støtte til gode aktivitetar.

Kåre Bastesen

Aud Hauge  
Alf Sætran

Aud Hauge

Steinar Furelid

Margunn Roksnes